

Haustetidsvurdering i eple 4. september

Tysdag 4. september er det gjort nye målingar av Summerred, Raud Gravenstein og Raud Aroma i Nordfjord.

Discovery bør denne veka ferdigplukkast også på seinare stader.

Summerred må no haustast også i hagar som ligg seinare til. Pass på å hauste etter grunnfargen som skal vere lys gul. Det er viktig å få Summerred på kjøøl raskt etter plukking for å unngå at epla blir mjuke.

Gravenstein på tidlege stader kan ein ta fyrste utplukking frå komande helg.

Summerred

Rettlei.

Dyrkar	M Andenes	
Adresse	Vereide	
Dato	03.09.2018	
Fruktvekt	0,199	
Avling	3 (4)	
Fastleik	7	6,5-7,0
Ref	11,4	10,5
Stive	6	5,0-7,0
Streif	0,102	0,09-0,16

Sein prøve

Det er teke ut ei prøve frå Summerredfeltet som hadde mest å gå på i utvikling forrige veke.

Siste veka har stiveverdien auka frå 4 til 6, samtidig som sukkerinnhaldet har auka frå 11 til 11,4 og fastleiken gått ned frå 7,3 til 7,0.

Fargeutviklinga har gitt skinande raud dekkfarge og lys gul grunnfarge. Denne hagen vart starthausta i går.





Konklusjon Summerred:

Hovudfokus må no vere på plukking av Summerred, også på seine stadar.

Raud Gravenstein

Rettleiande

Dyrkar	1) K O Loen	2) E T Rake	3) Olin Austrheim	4) G A Vereide	
Adresse	Loen	Rake	Sandane	Vereide	
Dato	03.09.2018	03.09.2018	03.09.2018	03.09.2018	
Fruktvekt	0,21	0,23	0,23	0,2	
Avling	2 til 3	2 til 3	2 til 3	3	
Fastleik	7,1	6,7	7,1	7,1	6,5-7,5
Ref	11	11,6	12	11,1	10,8
Stive	3,7	5,8	4,3	3,4	5,0-7,0
Streif	0,175	0,1	0,139	0,189	0,09-0,16

Det er teke ut 4 prøvar av Raud Gravenstein frå same hagane som sist veke.

Prøve 2 (tidleg, ungt felt) har auka stiveverdien frå 2,5 til 5,8 på ei veke. Samtidig har frukta mjukna og sukkerinnhaldet auka noko. Fargeutviklinga viser og at det nærmar seg plukkestart.

Prøve 4 (ungt felt, på tyngre jordart) har hatt meir moderat utvikling siste veka; stiveverdien har kun auka frå 2,7 til 3,4, men epla har fått fin auke i sukkerinnhald samtidig som frukta ikkje har mjukna. Her kan ein drøye starthausting til komande veke.

Sjå bilete neste sider.

Prøve 2: Raud Gravenstein, tidleg hage



Prøve 4: Raud Gravenstein, seinare hage





Konklusjon Raud Gravenstein:

Startplukking i tidlegaste felt mot slutten av denne veka, etter plukking av Summerred. Seinare felt kan vente til neste veke. Nye prøvar komande måndag.

Raud Aroma

Rettleiande

Dyrkar	1)K O Loen	2)E T Rake	3)K Strand	4) M Andenes	5)B Tystad	6) GA Vereide	
Adresse	Loen	Rake	Rake	Vereide	Vereide	Vereide	
Dato	03.09.2018	03.09.2018	03.09.2018	03.09.2018	03.09.2018	03.09.2018	
Fruktvekt	0,17	0,21	0,19	0,19	0,17	0,17	
Avling	3	3	3	3	3	3	
Fastleik	6,8	6,7	7	7,1	7,2	7,6	6,5-7,0
Ref	11,7	10,7	10,7	10,8	10,5	10,9	11,2
Stive	4,8	3,3	3,4	2,2	2,6	2,2	4,0-6,5
Streif	0,122	0,19	0,194	0,297	0,264	0,316	0,07-0,12

Som ein ser er stivenedbrytinga komen godt i gang i ein del Aromahagar, likeeins er frukta i desse hagane byrja mjukne. Difor bør ein passe godt på utviklinga i tidlege hagar. Som bileta viser frå prøve 1 er ein del eple i ferd med å kome langt i stivenedbrytinga, utan at dette synest utvendig på epla, då dei ikkje skil seg ut med skinande raudfarge. Prøve 2 og 3 har og nokre enkelteple som er komne litt lenger i stivenedbrytinga. I prøvane 4-6 er det jamn utvikling i stivenedbrytinga.

Prøve 1, Raud Aroma:



Som ein ser er det ujamn stivenedbryting i denne prøva, utan at dette endå viser att i endra fargeutvikling på epla. Slikt fargeskifte, med glinsande raudfarge, vil truleg kome når all stive er nedbroten, då må desse epla sorterast ut fordi dei har dårlegare lagringsevne.

Konklusjon Raud Aroma:

Ikkje hausting av Aroma denne veka. Nye prøvar blir tekne ut måndag 10. september. Det blir også teke nye prøvar av Gravenstein.

Helsing NLR Vest
v/Rune Vereide